



Fitjar kommune

Fitjar kommune

Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	07.12.2022
Tid:	10:00 - 11:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Björg Tislevoll	Leder	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleder	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frank Solli	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknad

Ingen av varamedlemene kunne møta for Frank Solli.

Andre som møte:

Svein Dale Soleng	Ass. kom.dir
Else Holst-Larsen	Partner og rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Annbjörg Ryssdal	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Björg Tislevoll
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022	2022/120	
	Politiske saker		
PS 19/22	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - oppfølging av handlingsplan	2022/110	
PS 20/22	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - statusrapportering	2022/214	
PS 21/22	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2022	2022/122	
PS 22/22	Kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune	2022/328	
PS 23/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2022/121	
PS 24/22	Eventuelt	2022/117	
	Referat saker		
RS 11/22	NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023	2022/126	
RS 12/22	VS: FKT -info Oktober 2022	2022/116	

Godkjenningssaker

GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

GK 8/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022 vart godkjent.

Politiske saker

PS 19/22 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at det framleis står att ein del arbeid gjeldande forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til andre møte i kontrollutvalet i 2023. Tilbakemelding på handlingsplanen vert å senda sekretariatet innan 01.04.23.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ass.kom.dir. orienterte om status på handlingsplanen slik den ligg føre i saksframlegget.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at det framleis står att ein del arbeid gjeldande forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til andre møte i kontrollutvalet i 2023. Tilbakemelding på handlingsplanen vert å senda sekretariatet innan 01.04.23.

PS 20/22 Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om status gjeldande arbeid med forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonen har henta inn dokumentasjon og gjennomført intervju, og er i gang med noko av rapportskrivinga. Deloitte har frist til å levera rapporten 01.04.2023.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 21/22 Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimisrevisjon 2022 for Fitjar kommune frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Partner Else Holst-Larsen presenterte resultatet etter arbeid med interimisrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Fitjar kommune frå Deloitte til orientering.

PS 22/22 Kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 - 1.Finansielle måltal
 - 2.Aktuelle regelverk
 - 3.Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a)Kommunale bygg?
 - b)Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c)Kommunale kaianlegg?
 - d)Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 - 4.Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 15.01.2023.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte kort om saka.

Forslag til vedtak, inkl. ny frist i pkt. 3, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 - 1.Finansielle måltal
 - 2.Aktuelle regelverk
 - 3.Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a)Kommunale bygg?
 - b)Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c)Kommunale kaianlegg?

d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp

4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?

3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 31.01.2023.

PS 23/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 24/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Første møte i kontrollutvalet i 2023

Kontrollutvalet vart einig i at første møte i 2023 vert 22.02.2023.

Bestilling av kurs frå Deloitte

Kontrollutvalet vil ha sak gjeldande bestilling av kurs til neste møte i kontrollutvalet, 22.02.2023.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet skal ha møte 22.02.2023.
2. Kontrollutvalet ønskjer at det på sakslista til neste møte kjem sak gjeldande bestilling av kurs frå Deloitte.

Referatsaker

RS 11/22 NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 12/22 VS: FKT -info Oktober 2022

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.